

Nordal og Tverberg grunneigarlag  
v/Bjørnar Osnes  
Nordal  
6140 Syvde

Vanylven kommune  
Rådhuset  
6143 Fiskåbygd

Syvde 7.4.2020

### **ÅMELAVASSDRAGET – KRAV OM REVIDERING AV KONSESJONSVILKÅR**

Det er i 2022 50 år sidan L/L Tussa Kraft fekk konsesjon til utbygging og regulering av Åmelavassdraget. Konsesjonsvilkåra kan difor no reviderast.

Nordal og Tverberg grunneigarlag krev endring av konsesjonsvilkåra, og vil ha krav til minstevassføring frå Kvanndalsvatn N til Nordalselva. Vi meiner dette er av stor allmenn interesse.

Krav om revisjon skal normalt fremjast av kommunane. Viser i den samanheng til brev frå NVE til Vanylven kommune datert 12.3.2020, der NVE ber om at kommunen innan 18.5.2020 melder attende til NVE om kommunen ønskjer å fremje revisjonskrav, med endeleg frist for innsending av kravet 3.8.2020.

Vi ber om at Vanylven kommune melder attende til NVE innan 18.5.2020 om at kommunen ønskjer å fremje revisjonskrav. Vi ber vidare om at kommunen, eventuelt i samarbeid med Volda kommune, koordinerer innkomne krav frå oss, andre grunneigarlag og eventuelt frå fleire interessentar, med sikte på å sende inn samla revisjonskrav innan 3.8.2020.

Vi krev minstevassføring frå Kvanndalsvatnet N. Bakgrunnen for dette er aukande attgroing i fjellvatna/vassdraget på grunn av liten vassgjennomstrauming. Dei siste åra har problemet med attgroing i vatna på Nordalsfjellet (Tjønnna ved Kvanndalsvatnet, Sætrevatnet og Bruvatnet) vore sterkt aukande, og har no vorte eit stort problem for trivsel og bruk av området. Situasjonen vert karakterisert som ei lokal «økologisk katastrofe».

Det har dei siste åra nærast vore umogleg å drive fiske i Sætrevatnet, og tidlegare gode badeplassar er no ubrukelege.

Problemet er kraftig plantevekst på botnen av vatna som dannar lange stenglar heilt til overflata. Vi har vore i kontakt med Fylkesmannen, då det vart reist spørsmål om dette kunne vere vasspest eller noko liknande. Svaret derifrå er at dette er plantevekst som kjem av lite vassgjennomstrøyming.

Vi har teke opp problemet med Tussa Energi AS. Dette resulterte i eit miljøtilsyn frå NVE 1.10.2019 (rapport vedlagt), med slik vurdering/konklusjon frå NVE:

#### **«NVE si vurdering**

Som følgje av at den naturlege vassføringa gjennom Nordalen er redusert er vassdraget si naturlege evne til å reinske opp elvar og vatn redusert. Vatna er prega av attgroing, særleg gjeld dette Lisse Kvanndalsvatn og Bruvatnet.

#### **NVE sin konklusjon**

Tussa Energi er som konsesjonær for Åmela kraftverk underlagt internkontrollforskrift for vassdragsanlegg (Ik-vassdrag). Forskrifta sin §1 fastset krav om et «kontinuerlig forbedringsarbeid». Som tilsynsmynde føreset NVE at alle som har konsesjon til å bygge og drifte vassdragsanlegg har etablert eit internkontrollsystem som fremmar kontinuerleg forbetningsarbeid. Dette omfattar blant anna kartlegging av farer og problemområder som har samanheng med regulering, og etablering av tilsynsrutinar for å avdekke verknader av reguleringar med tilhøyrande tiltaksplanar. Med bakgrunn i dette skal Tussa Energi AS kartlegge tilstanden på strekkja frå Lisse Kvanndalsvatn til Bruvatnet med tanke på attgroing, og med bakgrunn i dette utarbeide ein tilhøyrande handlingsplan. Handlingsplanen skal sendast til NVE innan 01.03.2020, og Tussa Energi skal ta sikte på å gjennomføre eventuelle tiltak i løpet av sommaren 2020.»

Tussa Energi AS har ikkje utarbeidd ein slik handlingsplan innan fristen. Vi tolkar det som at det er vanskeleg å finne løysingar på problemet, andre enn auka vasstilførsel i vassdraget frå Kvanndalsvatn N.

Reguleringa av Kvanndalsvatnet har ført til vesentlege miljøulemper, langt større enn ein kunne forutsjå for 50 år sidan. Det er difor viktig at dette no vert retta på gjennom revidering av konsesjonsvilkåra og krav om minstevassføring frå Kvanndalsvatnet. Dette er av stor allmenn interesse, då Nordalsfjellet i svært aukande grad vert brukt til ulike former for rekreasjon og friluftsliv.

Eit anna moment som kan nemnast er at det no er bygd eit elvekraftverk i Bruelva mellom Bruvatnet og Nordalselva. Så eventuelt vassføring ut av Kvanndalsvatnet vil medføre auka vassføring og kraftproduksjon her.

Med helsing

**Nordal og Tverberg grunneigarlag**

For styret

Bjørnar Osnes, leiar

Vedlegg: Rapport frå NVE: «Rapport frå synfaring 01.10.2019 ved Lisse Kvandalsvatn, Sætrevatnet og Bruvatnet - Åmela kraftverk - Vanylven og Volda kommunar»

KOPI: Norges vassdrags- og energidirektorat, nve@nve.no